



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2015/053069-002

Dykkar referanse:
15/539 - 15/8187

Vår dato:
19.05.2015


Uttale - Søknad om dispensasjon frå LNF-område for arealoverføring frå gnr. 27 bnr. 18 og 21 - Meland kommune

Vi viser til e-post med vedlegg motteken 30.04.2015.


Statens vegvesen har vurdert saka med bakgrunn i den lovlege bruken av bygget på gbnr 27/21 som samfunnslokale, jamfør kommunen si saksutgreiing.

Det er uklart om ein mindre del av omsøkt areal inngår som areal regulert til offentlig trafikkområde i Meland kommune sin plan ID 125620070004 *Reguleringsplan for fv 245 frå Hatleberget til Skarpeneset*. Dersom det er tilfelle, vil Statens vegvesen motsetje seg at ein slik del vert overført til gbnr 27/21. Vi har elles ikkje vesentlege merknader til den omsøkte arealoverføringa.

Avkøyrsla til eigedomen gbnr 27/21 er regulert i planen nemnd ovanfor. Illustrasjon merka «Bilag 2», som var vedlagt e-posten frå kommunen, viser ei skisse til ny avkøyrsløysing og parkeringsløysing på omsøkt tilleggsareal. Vi gjer merksam på at ei anna avkøyrsløysing enn den regulerte vil vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova som endring av/dispensasjon frå reguleringsplan. Teknisk detaljutforming av avkøyrsløysing er styrt av krav i vegnormalane. Vi gjer særleg merksam på at krav til svingradius vil påverke arealdisponeringa/skissert parkeringsløysing på tilleggsarealet.



Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan.



Utsnitt frå tilsendt «Bilag 2».

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:


Når det gjeld eventuell søknad om bruksendring av bygget til bustad, viser vi til avslag på avkøyrlesøknad i brev datert 01.10.2013. Avslaget var grunngjeve med følgjande:

Etablering av ei ny bustadeining i det aktuelle bygget er ikkje ynskjeleg på grunn av lokaliseringa tett inntil fylkesvegen. Denne plasseringa er uheldig av omsyn til trafikktryggleiken. Det er også uklart om krav til støynivå på uteopphaldsareal kan oppfyllest for denne eigedomen.

Dagens avkøyrsla oppfyller ikkje vegnormalen sine tekniske krav til utforming. Den regulerte avkøyrsla let seg ikkje kombinere med inn-/utkøyring frå biloppstillingsplassar mellom huset og vegen, slik flyfoto viser at det er i dag.

Det kan ikkje påreknast at Statens vegvesen vil gje løyve til utvida bruk av avkøyrsla til bustad lokalisert tett inntil fylkesvegen. Vi gjer også merksam på at ei eventuell bruksendring av bygget frå samfunnslokale til bustad er ei vesentleg endring som vil krevje dispensasjon frå byggegrensa langs veg, jamfør veglova §§ 30 og 34. Det kan ikkje påreknast at Statens vegvesen vil gje slik dispensasjon.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing



Odd Høydalsvik
sjefingeniør



Unn Jenny Utne Kvam